



«Mottakernavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325  
Solveig Roald, 5557 2327

## Start av vernearbeid av nasjonalt viktig natur i sørvestre Øygarden

Vi melder oppstart av vern av nasjonalt viktig natur i sørvestre Øygarden, jf naturmangfaldlova § 42 og kapittel V. Sjå avgrensing av området i kartvedlegg til dette brevet eller ved å gå inn på nettstaden vår. Frist for uttale er 20. oktober 2024.

### Nasjonalt oppdrag

Verneframlegget er ein del av det nasjonale oppdraget «Bevaring av verdifull natur» som omfattar oppretting av tre nye nasjonalparker og 22 mindre område i Vestland.

Eitt av desse mindre områda er sørvestre delar av Øygarden og er på drygt 8 200 dekar. Med dette kandidatområdet vil det totale verna arealet i Øygarden gå frå 0,8 prosent av landarealet til 3,4 prosent.

Føremålet med vern av området vil vere å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur ved etablering av naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37 a.

### Trua og sårbar natur

Områda frå Øvre Golta i sør til Selstøa i Nord er blant dei største, mest inngrepsfrie kystlandskapa i Hordaland. Her finn vi store kystlyngheiområder i mosaikk med myrar, tjern og noko naturbeitemark. Kystlyngheia består både av purpurlyng og andre undertypar. Naturtypen er raudlista som sterkt trua og naturbeitemark er nasjonalt raudlista som trua. Det finst også nokre mindre lommer med rik skog med junkerbregne og bergskrentar med blankburkne.

Av fugl utgjer det føreslegne naturreservatet viktig funksjonsområde for blant andre storspove, hubro og svartstrupe, alle nasjonalt raudlista som sterkt trua artar.

Området er også klassifisert som eit svært viktig friluftsområde og har godt etablerte turstiar. Det har vore ei merkbar auke i besøkande under og etter pandemien, og området er utvilsamt ein viktig ressurs for befolkninga. Store delar av området utgjer inngrepsfrie område (INON) og er klassifisert som INON-sone 2 som ligg mellom 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep.



Etter areala på Selbjørn i Austevoll, er dette det nest største kystlyngheiområdet i Hordaland. Kystlyngheine er menneskeskapt gjennom brenning og beiting over fleire tusen år, og er såleis både ein del av vår felles naturarv og kystkultur.

### **Lite verna frå før**

Naturtypane kystlynghei og naturbeitemark har svært dårleg verne dekning frå før i Vestland og Norge. Såleis vil dette vernet treffa godt ved å ta vare på trua natur i lågland langs kysten som er hovudføremålet med dette oppdraget.

### **Naturkrise også i Vestland**

Globalt, så vel som lokalt i Vestland står vi over for ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Temaet har mellom anna blitt godt illustrert gjennom ulike medieoppslag dei siste månadane. Miljødirektoratet la nyleg også fram ein rapport som viser at tapet av villmarksprega natur er dobla. Frå tap av 117 kvadratkilometer i perioden 2013-2017 til 241 kvadratkilometer i 2018-2022. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy for å nå nasjonale miljømål og i møte med naturkrisa.

Dette verneoppdraget skal bidra til å dekke manglane i eksisterande verneplanar. Ved å ta godt vare på naturen i desse områda, kan dette bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar og om å ta vare på trua artar og naturtypar.

### **Planstatus**

Det meste av arealet innafor kandidatområdet har i gjeldande kommuneplan (KPA) arealføremålet landbruk-, natur-, og friluftsføremål samt reindrift (LNFR). Sjølve Kvednavatnet har arealføremålet «drikkevatt» og areal i sjø i Goltasundet er avmerkt som «fiske». Begge desse er underføremål av føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag». Goltasundet har i tillegg omsynssone landskap og bevaring kulturmiljø.

Inst i Selstøvågen er det avsett eit mindre areal med føremål næring i kommuneplanen sin arealdel. Området ligg utafor føreslått verneområdeavgrensing. Det vart nyleg meldt oppstart av detaljreguleringsplan for Selstøvågen med føremål å regulera areal til næring. Det meldte planområdet er betydeleg utvida i høve til avsett areal i KPA, dette med bilveg til fylkesveg 5226 og auka areal både i sjø og på land inst i Selstøvågen. Delar av detaljplanområdet kjem innafor dette kandidatområdet Statsforvaltaren har fått i oppdrag om å utgreie for supplerande vern, og som vi no har meldt start av verneprosess på. Planforslaget vil i betydeleg grad endra inntrykket av Selstøvågen som er den viktigaste innfallsporten til naturområdet. Endeleg avgrensing av eventuelt næringsareal må avklarast gjennom planprosessen som no pågår.

### **Vern av skog**

Skog er ein arealtype som er i særstilling og der alt vern skjer som gjennom ordninga frivillig skogvern. Det gjer at vern av skog i samband med dette oppdraget også skal vere frivillig. Eigar kan takke nei til vern av skogarealet seinare i prosessen om ein ønskjer det, då vil skogarealet ikkje bli tatt med i vidare arbeid. Til no har tre grunneigarar gitt aksept til å inkludere skogareal i utgreiing for vern kring Kvednavatnet. Her har det også vore ønskje frå grunneigar å utvide arealet nordover mot fylkesvegen. Det er vidare ein grunneigar som ikkje ønskjer å inkludera eit mindre skogareal inst i Goltasundet. Det arealet har vi derfor grensa ut av verneframlegget.



## **Dialog om kandidatområda**

Statsforvaltaren i Vestland arrangerte eit felles digitalt informasjonsmøte med alle kommunane som husar kandidatområde for vern den 28. april 2023. Vi sendte brev til alle grunneigarane 10.oktober 2023 med informasjon om oppdraget og arrangerte informasjonsmøte 14. november på Nordsjøfartsmuseet i Telavåg.

Etter informasjonsmøtet har vi svart på ulike innspel og spørsmål om kandidatområdet. Dette har vore nyttige innspel som har gjort oss meir oppmerksame på ulike brukarinteresser i området. Vi vurderer desse innspela til å ikkje vere avgjerande for utforming av kandidatområdet for vern, og ser at det derfor er naturleg å melde formelt oppstart av vernearbeid.

## **Konsekvensar ved vern**

Føremålet med vernet vil vere å ta vare på dei viktige naturkvalitetane. Det vil seie at det ikkje vil vere mogleg med ny utbygging eller aktivitetar på land eller i sjø som kan skade verneverdiane innafør området.

Eit vern vil gje forvaltinga betre moglegheiter til å støtta opp om tradisjonell landbruksdrift som lyngbrenning og beiting i området, noko som også mykje av artsmangfaldet her er avhengige av. Særleg beitemarksoppone er artar som over svært lang tid er tilpassa moderat beitetrykk og næringstilgang, og vil såleis ikkje overleve ved tilførsle av kunstgjødsel eller gylle. Derfor bør det vere eit forbod mot slik bruk i området, noko som heller ikkje blir brukt i området i dag.

Sotra Øygarden Turlag driftar eit stinett innafør det føreslegne naturreservatet. Eksisterande stiar og merking av desse vil kunne forsetje som før vernet. Dersom det er ønskje om å etablere nye stiar innafør området ønskjer vi at det vert avklart gjennom nærare dialog med forvaltingsstyresmakta. Etablerte bygningar og anlegg vil kunne vedlikehaldast og brukast som før.

Andre aktivitetar vil vi kunne gje løyve til etter nærare dialog med søkjar, så lenge det ikkje vil kunne gå ut over verneverdiane i området. Det kan til dømes vere tiltak knytt til kulturminne eller andre føremål som ikkje er kjent i dag.

## **Erstatning**

Grunneigarar og rettshavarar har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap når eit vern medfører ei vanskeliggjering av igangverande bruk etter naturmangfaldlova § 50. Grunneigar vil ha ein frist på fire månader etter vernevedtaket til å fremje skriftleg krav om erstatning til Miljødirektoratet jf naturmangfaldlova § 51. Då er det Miljødirektoratet som har ansvaret for å sørgje for at det vert gjort erstatningsvurdering for grunneigar.

## **Vidare prosess**

Etter fristen vil vi gå gjennom alle innkomne innspel etter oppstartsmeldinga. Då vil vi også vurdere om det er trong for korrigering eller presisering i verneframlegget med bakgrunn i innspela. Neste etappe i verneprosessen vil vere høyring. Då vil vi presentere eit oppdatert verneforslag som også inkluderer utkast til vernereglar og oppdatert vernekart.

## **Namn på området?**

Områdeavgrensinga omfattar fleire stadnamn og vi ser for oss at «Sørvestre Øygarden naturreservat» vil vere kort og dekkande for området. Vi ønskjer gjerne også merknader til dette reservatnamnet.



### Tiltak i forslag til verneområde

Vi minner avslutningsvis om at ved denne formelle starten av vernearbeid, at det ikkje kan gjevast løyve til tiltak eller tilskot etter anna lovverk som kan få følgjer for verneforslaget jf [naturmangfaldlova § 44](#).

### Frist for uttale er 20. oktober 2024

Frist for å koma med uttale til denne oppstartsmeldinga er 20. oktober 2024. Det vil også vere høve for å kome med uttale etter høyringa seinare i verneprosessen. Du kan sende uttale digitalt til postmottaket vårt på adressa: [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)

Delar av adresselista til dette brevet er henta ut frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil eller manglar ved adresselista sett vi stor pris på å få attendemelding om det.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Vernekart

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO

## Mottakerliste:

Øygarden kommune  
Inge Kausland  
Kristin Kausland  
Rikard Bertin Selstø  
Tommy Angeltveit  
Jørgen Golten Thue  
Helga Golten Thue  
Elin Golten  
Harald Arthur Kausland  
André Kausland  
Anita Thuen  
Anna Botilde Rogne  
Anne Kristin Telle  
Anne Marit Vabø  
Annlaug Bildøy  
Arne Golten  
Arne Meland  
Arnold Karl Asphaug  
Bente Blomvågnes-Bakke  
Bente Kalve  
Bjarne Henry Vollen  
Bård Kausland  
Dag Sverre Meland  
Edvin Kåre Golten  
Einar Kåre Glesnes  
Finn Rainer Refvik  
Gerd Synneva Bakke  
Glenn Selstø  
Gudrun Karin Hopland  
Gunn Anita Midttveit  
Halvard Anton Kallestad  
Hanne Golten Vaksdal  
Hans A Blomvågnes-Bakke  
Hans Kristian Tveit  
Harald Glesnes  
Helge Sverre Golten  
Henry Andreas Glesnes  
Hilde M Moen Selstø  
Kurt Jarle Selstø  
BIRDLIFE NORGE AVD. HORDALAND  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Fiskeridirektoratet

Håkon Tore Golten  
Inez Marie Holvik Refvik  
Ingmar Selstø  
Ingrid Golten  
Ivar Emil Sangolt  
Janette Mortensen  
Jannicke Høyland  
Johan Bernt Kausland  
Jon-Arne Thode  
Jonn Arne Glesnes  
Kari Hummelsund  
Kenneth Kausland  
Kenneth Selstø  
Kjersti Golten  
Kjetil Thuen  
Kåre Vabø  
Kåre Ingmar Høyland  
Linda Kausland  
Lisbeth Selstø  
Marit Karin Villanger  
Mona Kausland Moberg  
Nina Merete Bru  
Norvald Magnar Golten  
Olav Søreide  
Ole Golten  
Raymond Haugsdal  
Rolf Gunnar Selstø  
Ronny Selstø  
Roy Selstø  
Signe Helen Golten  
Siri Øvretveit  
Ståle Fjell  
Susanne Glesnes  
Svein Arne Skjellevik  
Svein Olav Villanger  
Sverre Pedersen  
Trond Inge Selstø  
Åsgeir Litlere  
Sør-Norges Fiskarlag  
Norges Jeger- og Fiskerforbund  
Norges Geologiske Undersøkelse  
Norges Handikapforbund



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Landbruksdirektoratet  
Vest politidistrikt  
Direktoratet for mineralforvaltning med  
Bergmesteren for Svalbard  
Vestland fylkeskommune  
Luftfartstilsynet  
Forsvarsbygg  
Avinor  
Kystverket  
NTNU  
Høgskulen på Vestlandet  
Norsk institutt for bioøkonomi  
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/  
Bergen Turlag  
Det norske skogselskap  
Den Norske Turistforening  
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane  
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening  
Fortidsminneforeningen  
Friluftslivets Fellesorganisasjon  
Friluftsrådenes Landsforbund  
Havforskningsinstituttet  
Norsk institutt for naturforskning  
KS - Kommunesektorens organisasjon  
Natur og ungdom  
NHO Reiseliv  
Norges Bondelag  
Norges Dykkeforbund  
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og  
Fjordane  
SOTRA OG ØYGARDEN BONDE- OG  
SMÅBRUKARLAG  
ØYGARDEN SAU OG GEIT  
SOTRA PADELKLUBB  
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet  
Vegdirektoratet  
Norges Orienteringsforbund  
Norges Skogeierforbund  
Norsk Biologforening  
Norsk Bergindustri  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norsk Botanisk Forening  
Norsk Industri  
Norsk Organisasjon for Terrensykling NOTS  
Norsk Ornitologisk Forening  
Norges Kystfiskarlag  
Norsk Sau og Geit  
Norges Miljøvernforbund  
Norges Naturvernforbund  
Norskog  
Norsk Zoologisk Forening  
Sabima  
Statens Kartverk  
Statkraft SF  
Statnett SF  
Technogarden  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet  
WWF Verdens naturfond  
Naturhistorisk museum  
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet  
Vegdirektoratet  
Stadnamntenesta på Vestlandet